

**- Som bønder i Ulstein er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa.** Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Ulstein.

## **- Veit du dette om landbruket i Ulstein:**

I 2019 var det **35 gardsbruk i drift** i Ulstein (60 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 127 dekar** (93 dekar i år 2000).

**Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.**

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Ulstein har **13 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 8 mjølkebruk. Det er 23 sauebruk, 1 bruk med gris og 5 bruk med ammekyr i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat.

Kommunane Hareid, Ulstein og Herøy har **felles landbruksforvaltning i Søre Sunnmøre Landbrukskontor**.

I Ulstein er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket.

Det er dei siste åra bygd fjøs.

Samla er **husdyrhaldet i Ulstein ein buskap** på 90 mjølkekyr, 340 ammekyr/andre storfe og 1.550 sau og lam.

Det vert dyrka vel **4.400 dekar jordbruksareal** (5.550 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite.

Vidare er det ca **10.500 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

## **Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing**

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Ulstein hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 14,9 millionar kroner** i året.

Av dette hadde mjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 72 prosent av omsetnaden, sauehaldet 17 prosent og ammeku 11 prosent.

Det allsidige landbruket i Ulstein skaper i tillegg verdier frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar, brøyting av vegar og i skogen, og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **600.000 liter kumjølke frå 8 mjølkebruk** (1,4 mill. liter og 18 mjølkebruk i år 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølke, ost og andre meieriprodukt til vel 2.000 personar. Gjennomsnittleg har mjølkebruka 11 kyr og leverer årleg 74.500 liter mjølke (12 kyr og 64.700 liter i år 2000).

I 2019 vart det produsert vel **77.000 kg kjøtt** i Ulstein, av dette vel 58.000 kilo storfekjøtt, 8.000 kilo svinekjøtt og 11.000 kilo sauekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til vel 1.100 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

## **Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon**

**Bøndene i Ulstein** er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

**Landbruksnæringa si hovudoppgåve** er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

**Norge** har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnader er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

## Bonden og landbruksnæringa i Ulstein gir Mat, Miljø og levande Bygder



Fløbygda har mange aktive gardsbruk

### - Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



NORGES BONDELAG



## Landbruket i Ulstein

- \* 35 bruk i drift, av desse 13 med storfekjøtt
- \* 8 mjølkebruk og 23 sauebruk
- \* Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- \* Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



(Vestre Sunnmøre Bondelag dekker kommunane Ulstein, Herøy og Hareid).